



## REFERAT FRÅ TELEFONMØTE I STYRINGSGRUPPA FOR BRUK AV KOMPENSASJONSMIDLAR

**Tid:** 20.10 kl. 08.00 – 08:55

**Deltakarar:** Siri Klokkerstuen, Etne kommune, Tom Kristian Thorsen, Modalen kommune, Odd Harald Hovland, Bømlo kommune, Sveinung Hansen, Wärtsila AS, Svein Lid, Lid Jarnindustri AS

**Sekretariat:** Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

**Observatørar:** Arthur Arnesen og Jon Erik Volland, Hordaland fylkeskommune

**Forfall:** Jostein Ljones, Kvam kommune, Jan Audun Johansen, Johansen Rør AS, Knut Helland, Modalen Kraftlag SA

**Då var føre:**

### 08/16 Godkjenning av innkalling

Det er eigne reglar for innkalling til telefonmøte. Det var ingen merknader til denne, og styringsgruppa godkjente at møte vart gjennomført.

Leiar av styringsgruppa, Odd Harald Hovland, stilte spørsmål om det var merknader til referatet frå møte 14.10. Det var ingen merknader.

### 09/16 Gjennomgang og godkjenning av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015/2016

Gjerde gjekk gjennom planen side for side. I referatet vert det berre kommentert der det var merknader/justeringar.

#### 3.1 Bømlopakken

Bømlopakken er under revidering, det er ein underfinansiering i høve til budsjettet som vart godkjent i 2009. Dette må koma med i planen. Odd Harald Hovland skaffar nødvendig dokumentasjon.

#### 3.5 Infrastruktur i Kvam

Det er ikkje lagt inn søknad på midlar til infrastrukturtiltak i Kvam. Kommune/næringsliv må laga eit kort notat på at det er ynskjeleg å nytta midlane til infrastrukturtiltak, og til kva.

#### 4.1 Rubbestadneset.no

Sekretariatet vart i møte 14.10 beden om å kontakta Innovasjon Norge(IN) for å avklara om det er noko i regelverket om offentleg støtte det må takast omsyn til.

IN gjer støtte på inntil 50% av kostnaden til klynger. I søknaden frå Rubbestadneset.no kan det sjå ut som eigeninnsats frå bedriftene er sterkt underbudsjettert. Søkjar må difor gjera ei vurdering på dette.

Sekretariatet føreslo at styringsgruppa går inn for løyvinga, men med følgjande førehald:

*Støtta vert gjeven under føresetnad av at der vert levert eit budsjett med stipulerte timer på eigeninnsats og bedriftsmidlar slik at krav til offentleg støtte vert stetta.*

Det kom framlegg on at dersom søker ikke kjem opp i løyvd sum, skal resterande midlar overførast til Bømlapakken.

Styringsgruppa slutta seg til dette.

#### **4.5 Samanslåing og bedriftsutvikling – Øystese gymnas**

Styringsgruppa gjekk i møte 14.10 inn for ei redusert løyving, knytt til auka samhandling skule næringsliv. Søker må fremma ny søknad gjennom regionalforvaltning.no før tilsegnsbrev kan skrivast ut.

#### **5.1 Benkeprosjekt Moster Amfi**

Arnesen meinte at dette prosjektet er fullfinansiert og syntet til revidert rekneskap som var levert tidlegare. Styringsgruppa kan ikke ta stilling til dette, men meiner at det må gjerast ei rask avklaring for å få ein dokumentasjon på dette frå selskapet.

Styringsgruppa oppretthald si innstilling, men la til følgjande:

*Dersom søknaden i vidare sakshandsaming vert avslag, skal midlane lysast ut på nytt i Bømlo.*

#### **Framlegg til vedtak:**

Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland godkjenner "Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015/2016" slik den ligg føre.

#### **Vedtak:**

Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland godkjenner "Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015/2016" slik den ligg føre, men med dei justeringane som kom fram i møtet.

Dersom prosjekt i planen ikke vert godkjent i vidare saksgang skal midlane lysast ut på ny.

